

FØRESEGNER FOR SKÅRNESVIKA, TOSKA GNR. 43, BNR 94 m.fl. I RADØY KOMMUNE

Plan-id: 1260-2016 000 500

Føresegner revidert 23.08.2019.

Det regulerte området er vist med grenseliner på plankart i målestokk 1: 500 ved arkformat A1, sist revidert 04.04.2019.

Areala i planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

*Byggeområde og anlegg:
PBL §12-5 nr1*

Naustområde (BUN)
Småbåtanlegg i sjø og strandsone (BBS)

*Samferdsel og teknisk infrastruktur:
PBL §12-5 nr 2*

Køyreveg (SKV)
Veg (SV)
Båtopptrekk (SV)
Anna veggrunn - Grøntareal (AVG)
Parkering (SPA)
Kai (SK)

*Grønstruktur
PBL §12-5 nr 3*

Friområde (GF)

*Landbruk, natur- og friluftsområde:
PBL §12-5 pkt. 5*

Landbruksområde (L)

*Bruk og vern av sjø og vassdrag
PBL §12-5 nr 6*

Friluftsområde i sjø og vassdrag
med tilhøyrande strandsone (VFS)

*Omsynssone
PBL §12-6, jf PBL § 11-8, a) og d)*

Sikringszone – frisikt (H140)

1 FELLESFØRESEGNER (pbl § 12-7)

1.1 Krav til parkering (pbl § 12-7 nr 7)

- 1.1.1 Naust i planområdet er knytt til tilgrensande bustader og fritidsbustader og parkering for nausta vert løyst på eigedomane. Parkering innan parkeringsareal SPA er gjesteparkering. Det skal opparbeidast 3 gjesteparkeringsplassar i planområdet knytt til småbåthamn og naust. Min. 1 plass skal vere reservert for rørslehemma.
- 1.1.2 Det skal vere min. 1 parkeringsplass for rørslehemma i område P.

1.2 Rekkjefølgjekrav (pbl § 12-7 nr 10)

- 1.2.1 Før det vert gjeve brukskøyve/ferdigattest for tiltak i BBS og BUN skal f_SV og SPA, samt avkjørsle til o_SKV, vere opparbeid i tråd med planen.

2 BYGNINGAR OG ANLEGG (Pbl §12-5 nr 1)

2.1 Naustområde (BUN)

- 2.1.1 Område BUN1 og BUN2 er areal for naust. Det kan først opp 3 naust innan BUN1 og 5 naust innan BUN2. Nausta kan først opp med bruksareal (BRA) inntil 40 m² per naust. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Nausta kan byggjast med felles vegg i mellom nausta.
- 2.1.2 Mønehøgda skal vere maks 5 meter frå topp golv. Topp møne skal vere maks kote +7,5 .
- 2.1.3 Naust skal ha tradisjonell utforming. Naust skal ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Det skal vere tradisjonelle dørar og vindauge. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA). Takvindauge, altan, utkraging, terrassar ol. er ikkje tillate.
- 2.1.4 Naust skal nyttast til oppbevaring av småbåtar, reiskapar og utstyr. Naust skal ikkje innreiast eller nyttast til varig opphald.
- 2.1.5 Området kan nyttast til båtøpptrekk, båtøpplag og andre funksjonar knytt til naustområde. Utvendig lagring skal ordnast slik at den verkar minst mogleg skjemmaende og skal ha samband med bruken av området som naustområde.
- 2.1.6 Byggjegrænse mot BBS fell saman med formålgrænse.
- 2.1.7 Det kan etablerast 3 parkeringsplassar innan felt BUN1, ein parkeringsplass til kvart naust.

2.2 Småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande strandsone (BBS)

- 2.2.1 Område BBS er areal for småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande kai og strandsone.
- 2.2.2 Området kan nyttast til flytebrygger for inntil 8 båtplassar. Det kan ikkje etablerast båtplassar i flytebrygga.
- 2.2.3 Området på land kan nyttast til kaifront, båtopplag og andre funksjonar som har samanheng med bruken av området som småbåtanlegg. Utvendig lagring skal ordnast slik at den verkar minst mogleg skjemmande.
- 2.2.4 I området BBS fell byggegrensane saman med formålsgrensane.
- 2.2.5 Kaifront skal utførast i naturmateriale, som stein eller tre og vere tilpassa omgjevnad og anlegg elles. Materialval skal skildrast og grunngjevast i byggesøknad til tiltaket.
- 2.2.6 Området skal vere opne for ålmenn ferdsle.

3 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR. (PBL §12-5 nr 2)

3.1 Veg

- 3.1.1 o_SKV er offentleg køyreveg.
- 3.1.2 f_SV1 er felles veg for naustområde og småbåtanlegg. Vegen er også felles for omkringliggende bustad og fritidsbustader tilknytt planområdet.
- 3.1.3 f_SV2 er felles båtopptrekk for naustområde og småbåtanlegg. Båtopptrekket er også felles for omkringliggende bustader og fritidsbustader tilknytt planområdet.

3.2 Anna veggrunn - grøntareal (AVG)

- 3.2.1 Område AVG1 – AVG5 er område for grøfter, fyllingar og skjeringar, samt anlegg for overvasshandtering knytt til felles veg.
- 3.2.2 Område AVG er regulert med ein breidde min 1 meter.

3.1 Parkering (SPA)

- 3.1.1 Området SPA er felles gjesteparkeringsplass for område BUN og BBS.
- 3.1.2 Det kan etablerast forstøtningsmur i føremålsgrense mot veg, f_SV. Murar skal utførast i naturstein eller forblendast med naturstein.
- 3.1.3 Det kan ikkje setjast opp høgare murar enn 1,5 meter. Ved større høgdeskilnader må det setjast opp terrasserte murar. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne på 1,0 meter og kvar avsats skal plantast til for å dempe fjernverknad av muren.
- 3.1.4 Fyllingar og skjeringar skal tilpassast tilgrensande terreng og såast/plantast til.

4 GRØNSTRUKTUR (Pbl §12-5 nr 3)

4.1 Friområde (GF)

- 4.1.1 Område GF er friområde.
- 4.1.2 I GF er det tillate med tiltak som fremjar bruken av friområdet, til dømes benkar, bord og grillplass.

5 LANDBRUKS, - NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (Pbl §12-5 nr 5)

5.1 Landbruksområde, LNFR (L)

- 5.1.1 L1 – L3 er landbruksareal.

6 BRUK OG VERN AV SJØ (Pbl §12-5 nr 6)

6.1 Friluftsområde i sjø (VFS)

- 6.1.1 Område VFS1 - 2 er areal for bruk og vern av sjø.
- 6.1.2 Det er ikkje tillatt med tiltak i området. Unntak er fortøyning til utliggar i BBS.
- 6.1.3 Fortøyning til flytebyggje kan plasserast i VFS.

7 OMSYNSSONE (Pbl §12-6, jf. § 11-8, a) og d)

7.1 Sikringszone – Frisikt (H140)

7.1.1 Sikringszone H140 er frisiktsone mot veg.

7.1.2 Det skal vere fri sikt i ein høgd av 0,5 meter over vegplanet på tilstøytande veg.